
Saksnr: 2020/36812-17
Saksbehandlar Bjørg Larsen
Dato: 05.05.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Forskrift som vil redusere plastforureining frå kunstgrasbaner

Regjeringa vedtok 8. april 2021 «forskrift om endring i forskrift om begrensning av forurensning (utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale).» Det nye kapittelet 23A i forurensningsforskrifta gjeld frå 1. juli 2021.

Gummigranulat frå kunstgrasbaner kan vere blant dei største kjeldene til spreieing av mikroplast. Den nye forskrifta inneheld ei rekke krav som skal hindre denne forureininga. Blant dei viktigaste tiltaka for å hindre at gummigranulat spreier seg utanfor bana, er å stille krav til fysiske barrierar rundt bana, krav til snørydding og behandling av snø som inneheld granulat. Dei vil og ha tiltak for å hindre at spelarar og dommarar spreier granulat når dei forlét bana. Eigaren av bana skal dessutan vurderer om det går an å bruke erstatningsmateriale, og gjere det der det er høve til det.

Regjeringa innfører overgangsordningar for at det skal vere enklare for kommunar og idrettslaga å gjennomføre tiltaka. Det er fyrst ved rehabilitering at dei mest kostnadskrevjande tiltaka vil tre i kraft. Det same gjeld for baner som har fått byggjeløyve etter plan- og bygningslova før reglane trer i kraft.

EU ser og på ulike tiltak for å redusere bruk av gummigranulat. Eit av forslaga har vore forbod mot granulat. Det er i dag særst usikkert kva slags type regulering og kva for fristar for gjennomføring som vert resultat av denne prosessen.